

Månadsbrev for januar

På Sfinxen/Kosovarja



I januar har vi hatt mykje forskjellig vær! Frå sludd og regn ein dag, til is og snø ein annan dag. Men sidan det ikkje var iskaldt, har vi vore mykje ute, og av og til strekt utetida litt ekstra, før vi har gått inn for å varme oss, ete lunsj og sove. Dagane går fort med dei små, med alle rutiner for kvart enkeltbarn og for gruppa i heilhet. Frokostmåltid, leik, bleieskift, samlingsstund, påkledning, utetid, smørelunsj, leik, sovetid...

Før vi veit ordet av det er det fruktstund, og dagen nærmast over. Heldigvis er det ikkje berre rutiner! Det er både i og imellom alle dagens rutiner at barna opplever dei gode utviklingssituasjonane. Mestringsopplevelingar der barna klarar sjølv, empatiske opplevelingar der barna ser kvarandre, hjelper kvarandre og deler glede over det samme eller situasjonar der barna tolkar og forstår samanhengar og klarar å « ta seg saman» og regulere egne følelsar i motgang. Dette skjer kvar dag mellom alle rutinene, aktivitetane og leiken. Utfordringar som barna møter dagleg, men som styrkar og utviklar personlegheita dei har, og personen dei skal bli i framtida. Som voksen i barnehagen er det spennande å vera med å sjå barnas unike utvikling. Sjå kva behov og interesser dei har, kva dei treng vidare og samtidig hjelpe og støtte dei gjennom alle dagens utfordringar og gjeremål. Så, sjølv om dagane går fort og vi nok ein gong fortel at «ja, det har vore ein fin dag», så skjer det utruleg masse med barna både i følelsesliv, sosialt liv og kroppsleg liv.



Snø og vinter! Dei minste er aktive og krabbar meir og meir rundt på eiga hand ute i snøen. Dei største trossar glatt bakke og dreg med seg tunge akebrett opp akebakken. Vi har til og med laga snømann! Så har vi kasta snø i vårt eget fjes, istadenfor på kvarandre, for å kjenne på kor kaldt det er, og ufarleggjere snø i fjeset. Det er ikkje farleg og vondt! Berre kaldt og litt vått! Så er det berre å riste det av seg og le.






Vi jobbar vidare med Albert Åberg. Ved høgtlesning og prat rundt bilder, og så har vi leika ut boka «god natt, Albert Åberg». Dei store barna veit no godt kven dei ulike karakterane i bøkene er, mens dei minste kanskje er litt for små til å forstå alt, men dei får antakeleg med seg meir enn vi trur. I februar har vi tenkt å jobbe med ei ny bok i Albert-serien. «Knyt i vei, Albert Åberg» omhandlar Albert som har lært seg å knyte knutar og sløyfer. Så får vi sjå kor mange knutar det blir i løpet av februar!



Dette skjer i februar!



- Samefolkets dag: Fredag 4. februar markerer vi samenes nasjonaldag (6.februar). Vi blir inne denne dagen på grunn av mykje vind.
- Soluke: Uke 6 blir det tema sol. Med aktivitetar, sang og baking av solbollar.
Måndag 14.2: Sola er tilbake!
- Bursdagsfest for Albert Åberg 50 år! Meir info om denne dagen kommer når det nærmar seg.
- Vinterferie i uke 9: Fint om dei som skal ha fri i vinterferien kan gi beskjed om dette så fort dere veit :) Legg gjerne inn på visma sjølv.

Håpar alle får ein fin februar! ☺

Helsing Solveig Marie, Fabiola, Katrin og Bjørn Olav

